

## **Referat møte i Samarbeidsutvalet**

**Møtenummer:** 2/2024  
**Dato:** 29.4.2024  
**Tid:** 17.30-20.00  
**Stad:** Sjernarøy oppvekstsenter – 5.-7. trinn

**17.00-17.30:** FAU har møte i forkant  
**17.30-18.00** Elevrådet deltar i lag med SU og FAU  
**18.00-19.30** FAU/SU avsluttar møtet utan elevråd

1. Sakar frå elevrådet
  - a. 7. trinn ynskjer klasseset. Innspel at dei ynskjer noko, ein dag der dei reiser på tur, bowling eller liknande. Det burde vera ein fast ting, at det blir likt for alle. Kan FAU invitere med lærar dersom han/ho ynskjer å vera med? Dette skal ikkje vera i skulen sin regi. Kan skulen lage eit forslag til korleis ein kan gjera avslutninga? Lage rammer rundt som gjer at det vil bli ganske likt? Dette må bestemmes sjølv. Det er eit ynskje at lærar skal vera med. Er det ein plass skulen kan søke om midler til avslutning? Veldig usikkert. Alice må undersøke skikkeleg korleis dette skal gjerast. Frå Berit: Læreryrket bør vera meir prega av dugnadsånd.
  - b. Elevane ynskjer at lærarane ikkje skal slutte før dei har jobba i fire år.
  - c. Sjøppelsortering, dette er eit ynskje frå Hanne, kan spille inn til vaktmestertjenesta, men nokon må ta ansvar for det.
2. Skulemat
  - a. FAU stiller seg negative til betalt skulemat fordi det strider med gratisprinsippet. Frå finnøy ser dei at varmmat ikkje er veldig populær. Nokre ungar et skivene, men nokre ungar et ikkje det heller. KFU melder og at varmmat ikkje er populært. Kva med matsvinn? Har ikkje komet nokre meldingar frå føresette utanom FAU og det var einigheit der, så dette kan gjelde. Så lenge det er foreldrebetaling er det nei frå FAU.
3. Skulereglement
  - a. KFU har gjort ein god jobb, har lyst til å stille seg bak det som kom der. Det viktigaste var dette med lovfesta FAU og SU. FAU Sjernarøy stiller seg bak KFU. Elin sender e-post til Alice som ho kan lese seg gjennom.
4. Sommaravslutning
  - a. Innspel er at det er ingen bading frå skulekaien før arrangementet er slutt.
  - b. Gjere stas på 5-åringane på sommaravslutning for heile oppvekstsenteret. Felles avslutning for heile oppvekstsenteret? Dette kan eventuelt leggest til leiar. Eventuelt kan dette haldes framleis til foreldrekafe i slutten av sommaren.
  - c. Forslag til dato: 13. Juni klokka fem.
5. Målform
  - a. FAU har sendt ut foreldreundersøking for målform. Dette blei sendt ut til alle foreldra, det kom 43 svar av 88 utsendte (både mor og far). 76% vil ha bokmål, 24% vil ha nynorsk. Dette er meininga til dei vaksne. Dersom

- alle barn i alle familiar er med, blir det 85% for nynorsk. Det skal vera opp til kvar ein rektor å avgjere kva og føresette har mykje å seie.
- b. Innspel frå Berit: Ho har ikkje veldig gode referansar frå nynorsk. Det aller meste er på bokmål no, det er ikkje mykje nynorsk å hente.
  - c. Innspel frå FAU: to skriftspråk er ein uting for elevar med lese- og skrivevanskar.
  - d. Informasjon ut til foreldra. Kva skal me gjere med resultata? Alice må formulera ein tekst som kan kome ut frå skulen, i lag med FAU. Om skulen skifter undervisningsmål, kan du fortsett velje å ha nynorsk. Da må 3. trinn velje, bokmål eller nynorsk, dette velges frå skulen, dersom du vil at ditt barn skal ha nynorsk framover, må du ta kontakt med skulen. Me skifter undervisningsspråk til bokmål, dersom du ynskjer noko anna må du ta kontakt med skulen.
  - e. Caroline skal ta ein runde med alle foreldra i 5.-6. trinn kva dei tenker om endring av undervisningsspråk. Me skal og høyre med elevane.
6. Neste barnehage- og skuleår
- a. Nye tilsette
  - b. Nye "avtalar" - FAU sender ein uttaling til Alice
  - c. To avdelingar, 6 små og 9 store
7. Budsjett
- 1. Bør vera eit fast punkt på desse møta? Kva modell bruker Stavanger kommune for tildeling av pengar til oss?
  - 2. Alice må sende argument for kvifor me treng meir ressursar enn dei største skulane. Allereie sendt på e-post.
8. Ymse
- 1. Kan Alice sende ut info om klasseinndeling til hausten.
  - 2. Kontaktlærer- informasjon kan godt sendast ut.
  - 3. Det trengs styremedlem til KFU. Elin har nemnt denne ideen på Finnøy, men det er vanskeleg å få med føresette. Elin skal høyre med Agata. Styremøte ein gong i månaden, kan godt delta via teams. Dei har årsmøte 7. mai, det er da dei vel. Dei ynskjer at alle FAU skal få eit organisasjonsnummer og organisera seg i enhetsregisteret, dette krev ein del formalia frå skulen. Innspel sendes til Elin.
  - 4. Foreldremøte på Ombo, FAU sender ut ekstra melding i messenger.
  - 5. Foreldremøte på Finnøy er 23. mai, Alice kan finne informasjon og sende ut.
  - 6. Foreldremøter rundt på øyane; me bør gå i lag og ha felles foreldremøter.
  - 7. FAU og SU skal konstituerast våren, ikkje hausten i Stavanger. På Sjernarøy har me foreldremøte haust tidleg etter skulestart.
  - 8. Veldig bra foreldremøte for barnehagen. Greitt at det er to møter, eit for skule og eit for barnehage.

**Legg merke til ny møtetid.** Me har fått ny politisk representant, Berit Hopland. Med denne tida har me lagt til rette for ferjene. Dersom de har innvendingar mot møtetid, ta kontakt.

Til stade: Ole Andreas og Maren Elise (elevråd), Ragnhild O Steigen (leiar), Irene Norheim, Espen Havn og Yvonne Heus (foreldrerepresentanter), Caroline Ytrenes Sæle, Rannveig Øvrebø og Alice Helgøy (referent), Anna Blawat i teams.